

**MØTEBOK****Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 -  
uttale**

Utval sak	Utval	Møtedato
115/14	Utval for plan og miljø	09.12.2014

**Vedlegg:**Trykte vedlegg:

Høyringsbrev datert 30.07.2014

Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Hordaland (2016-2021)

Regionalt tiltaksprogram for Vassregion Hordaland (2016-2021)

Utrykte vedlegg:

Planprogram for Vassregion Hordaland, godkjent av FT 29. nov 2011

Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Vassregion Hordaland

Tiltaksanalyse for Sunnhordland Vassområde

**Samandrag:**


Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta) trådde i kraft i 2007 og innførte EUs vassrammedirektiv i norsk forvaltning. Hensikta med ein regional vassforvaltningsplan er å gje ei enkel og oversiktleg framstilling av korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen på lang sikt og i alle sektorar, slik at vi når målet i vassforskrifta.

Den regionale planen for vassregion Hordaland set miljømål for 1803 vassførekomstar i Hordaland. For område som alt har meget god eller god økologisk tilstand vidareførast dagens tilstand som mål for tilstand i 2021. Dette gjeld 709 vassførekomstar i Hordaland. Alle dei 971 vassførekomstane som er i risiko for å ikkje nå miljømål, får i denne planen definert mål for miljøtilstanden.

**Bakgrunn:**

I samsvar med regional planstrategi for 2010-2014 og vassforskrifta er det utarbeidd høyringsforslag til Regional plan for vassregion Hordaland. Denne planen er den første av 3 slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033.

Det viktigaste faktagrunnlaget for planen er data som er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning vann-nett ([www.vann-nett.no/saksbehandler](http://www.vann-nett.no/saksbehandler)). Denne databasen er grunnlaget for vurdering av miljøtilstand og risiko for vatnet, enten basert på overvaksingsdata eller på faglege vurderingar. Dette arbeidet vart gjennomført hovudsakleg i 2012-2013, men er eit kontinuerleg arbeid.



Figur 1. Miljømålet for alt vatn er god tilstand.

Det er tre faktorar som særleg påverkar vassførekomstane i vassregionen:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft)
3. Forureining

Sur nedbør kan vi ikkje påverke i særleg grad med tiltak innanfor vassregionen. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typar forureining er viktig i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks- og sjøaure og trua arter i vassregionen.

Planen set miljøål for elvar, innsjøar og kystvatn. Over halvparten av vassførekomstane i vassregionen hamnar i kategorien i risiko for ikkje å oppnå miljømåla i 2021 utan tiltak. For ferskvatn er hovudårsaka sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining, miljøgifter og område med kosthaldsråd.

### Organisering av arbeidet etter vassforskrifta

Alt arbeid med oppfølging av vassforskrifta i Norge er delt inn i vassregionar. Fitjar kommune er med i vassregion Hordaland og vassområde Sunnhordland.

#### Organisering av vassområde Sunnhordland

Vassområdeutvalet skal sikre eigarkommunane sin medverknad og forplikting, samt fagleg forankring og kontinuitet i arbeidet. Vassområdeutvalet skal også koordinere det vidare tiltaksarbeidet og vere ein arena for å hente inn kompetanse og erfaring og sørgja for samhandling.

#### Korleis og på kva områder planen vil påverke kommunen (generelt)

- Som myndighet, til dømes vedtak knytt til spreidd avløy, landbruk og anna ureining
- Som tenesteprodusent, til dømes innanfor VA
- Som samfunnsutviklar, til dømes i samband med avvegingar mellom miljøål og gode rammevilkår for næring.

#### Kostnader/finansiering

Det er kostnader knytt til arbeidet i kvart einskilt vassområde. Så langt har Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune finansiert prosjektet i Vassområde Sunnhordland. Dei 9 kommunane har bidrege med deltaking i arbeidet, på lik linje med aktuelle sektormynde.

#### Sektormynde har ansvaret for gjennomføringa:

Alle mynde som er omtalt er forplikta til å følgje opp ved å leggje planen til grunn for si planlegging og verksemd!

Meir konkret vil arbeidet gå føre seg slik:

- Vedtak om gjennomføring av tiltaka i tiltaksprogrammet blir gjort av ansvarleg mynde etter aktuell lovgjeving. Godkjent regional plan skal inngå i grunnlaget for sektormynde si sakshandsaming.
- Sektormynde si sakshandsaming vil avklare og vurdere fordelar og ulemper ved dei einskilde tiltaka før endeleg vedtak. Her vil det også bli lagt vekt på andre

omsyn enn dei som er vektlagde i regional plan. Sektormynde kan difor fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.

- Dersom det i vidare arbeid blir aktuelt å fråvike den godkjende planen, skal vedkomande mynde informere vassregionmyndet. Årsaka til avvik frå planen må beskrivast ved rapportering av tiltaksgjennomføring og i samband med neste revisjon av planen.

### **Vurdering:**

Kommunen har vore med og bidrege med å hente inn kunnskap om vatn i Fitjar og ser at ein gjerne skulle hatt meir dokumentasjon for å vurdere «helsetilstanden» på vatnet i kommunen. I og med at miljøtiltak kostar pengar er det viktig at det er dei rette tiltaka og prioriteringar som blir vedteken og gjennomført. Rådmannen ser det som positivt at ein gjennom denne planen no vil samarbeide meir om å redusere kostnader med miljøundersøkingar og dele på arbeidet og kostnadene med å heve miljøtilstanden i vassførekomstar til god.

Rådmannen vil her kommentera det som omhandlar Fitjar kommune under kapittel Vassområde Sunnhordland (Kap 6.3).

#### Fitjar elva nedre del

Miljøtilstanden er sett til moderat og vassførekomsten er derfor i risiko, men ein er usikker på denne vurderinga grunna manglande data, og rådmannen vil understreka dette.

Det er registrert 2 påverknader her (i vann-nett) innan avrenning frå landbruk

- 1) Husdyrhald/husdyrgjødsel
- 2) Annan landbrukskjelde

Når det gjeld avrenning frå husdyrhald og husdyrgjødsel er påverknaden sett til liten grad. Det er foreslått tiltak i planen som går ut på å redusere punktbelastningar. Avrenning frå annan landbrukskjelde er det knytt stor usikkerhet til og det er derfor foreslått problemkartlegging som tiltak. Kommunen er ansvarleg for å følgja opp tiltaka som forureiningsmynde og landbruksmynde, men det er som vanleg forureinar som skal betale for eventuell ureining. Målet om god økologisk tilstand i 2021 står ved lag, og tiltaka likeeins.

#### Hellandsfjorden

Dagens miljøtilstand er sett til moderat, men ein er usikker på kva som er naturtilstanden for vassførekomsten grunna manglande data. Hellandsfjorden har vore påverka av utslepp frå setjefiskanlegg ein periode, men dette utsleppet går no ut i Stokksundet. Om dette er nok for å oppnå målet om god økologisk tilstand i 2021 er usikkert, og i planen er det derfor foreslått tiltak på avløp som går på kartlegging, tilsyn og oppgradering av sprett avløp. Det er ikkje lagt inn tiltak retta mot avrenning frå landbruk, men kommunen er merksam på at resipienten er sårbar og vil ta dette med i sitt arbeid som landbruksmynde.

#### Dåfjorden

Denne resipienten er sett til moderat økologisk tilstand og egner seg ikkje til resipient i følgje vann-nett. Fjorden er påverka av utslepp frå industri. Dåfjorden slipp driv mellom anna med trebåtar, men utsleppet er ukjent. Fylkesmannen er ansvarleg mynde og har foreslått overvaking og etterkontroll. Miljømålet er sett til god økologisk tilstand innan 2021. Fitjar kommune har ikkje noko å føya til av lokal kunnskap, miljømål eller tiltak.

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune har ingen merknader til regional plan for vassregion Hordaland eller Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021. Fitjar kommune vil arbeida for å ta vare på elvemuslingen i kommunen.

Fitjar kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ein felles, berekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ynskjer vere ein aktiv bidragsyter til at måla i vassforskrifta nås.

Fitjar kommune vil understreka trongen for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre innføringa av direktivet i vassforvaltninga, og gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområder.

**Behandling i Utval for plan og miljø - 09.12.2014:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

Atle Ternes  
Rådmann